
Vår referanse 2021/5492-3
Dato 29.03.2021

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Fråsegn til høyringsnotat - energieffektiviseringsdirektivet artikkel 14.5

Sjå politisk vedtak.

Med helsing

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	65/21	26.03.2021

Fråsegn til høyringsnotat - energieffektiviseringsdirektivet artikkel 14.5**Forslag til vedtak**

Vestland fylkeskommune rår til at det vert eit krav å gjere kost-nyttevurdering av utnytting av overskotsvarme frå termiske kraftverk, industri, datasenter og andre anlegg slik det er lagt fram av OED i høyringsnotat om energidirektivet artikkel 14.5, 17.02.2021.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2021**Avrøysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune rår til at det vert eit krav å gjere kost-nyttevurdering av utnytting av overskotsvarme frå termiske kraftverk, industri, datasenter og andre anlegg slik det er lagt fram av OED i høyringsnotat om energidirektivet artikkel 14.5, 17.02.2021.

Samandrag

OED ber om innspel til høyringsnotat om endringar i energilova om krav til kost-nytteanalysar for utnytting av overskotsvarme frå termiske kraftverk, industri, datasentre og andre anlegg. Dette framlegget er i tråd med sirkulærøkonomi-prinsippet og vil bidra til at Vestland kan møta vedtekne klimamål. Høgare krav til energieffektivitet er òg spesielt viktig for Vestland, der manglande nettkapasitet skapar utfordring på stader det er aktuelt med nye store kraftuttak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannBård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Olje- og energidepartementet førebur innlemming av direktiv 2012/27/EU om energieffektivitet (EED) i EØS-avtalen. Departementet føreslår eit tillegg til dette direktivet for å kunne gjennomføre krav i direktivet til å gjere kost-nyttevurdering av å nytte seg av overskotsvarme. Dette tillegget er no på høyring.

Dei føreslegne føresegna i energilova pålegg dei som planlegg å drive, eller gjere vesentlege oppgraderingar av visse energi- og industrianlegg, å gjennomføre en kost-nytteanalyse av å nytte seg av spillvarme. Kost-nytteanalysane sendast til godkjenning hjå mynde, og at det skal vere forbode å byggje anlegget/gjere oppgradering før godkjenning føreligg. Vidare føreslår departementet ein heimel til å pålegge at anlegget skal byggjast eller oppgraderast slik at overskotsvarmen nyttast, der fordelane med dette er større enn kostnadane.

I tråd med EED artikkel 14 nr. 5 vert det føreslege at kraftverk, industrianlegg og energiproduksjonsanlegg og fjernvarme- og fjernkjølenett med meir enn 20 MW samla tilført varmeeffekt, det vil si olje, gass og bioenergi mv., skal omfattast av plikten til å utføre kost-nytteanalysar. Plikta utløysast ved planlegging av nye anlegg og omfattande oppgradering av eksisterande anlegg. Omfattande oppgradering er oppgradering der kostnadane er høgare enn 50 prosent av investeringskostnadane for eit nytt tilsvarande anlegg.

I tillegg føreslår departementet at nye datasenter med meir enn 2 MW samla elektrisk effekt, og andre anlegg med meir enn 20 MW samla elektrisk effekt, skal omfattast av plikta til å gjennomføre kost-nytteanalyse som sendast til relevant mynde for godkjenning. Desse anlegga er ikkje omfatta av EED-direktivet. For disse anlegga foreslår departementet ikkje heimel for å pålegge å gjennomføre prosjekt, sjølv om nytta er større enn fordelane.

Det vil vere noko kostnad for selskapa knytt til utarbeiding av kost-nytteanalysen eller innleigd konsulenthjelp til dette. Samstundes vil selskapa truleg nytte godt av å identifisere mogelegheitene i overskotsvarmen sin. Analysane kan òg få prosjektutviklarane i kontakt med aktuelle brukarar av overskotsvarmen.

I Vestland er det utfordringar knytt til nettkapasiteten. Det er stor ubalanse mellom stader i regionen når det gjeld tilgjengelegheit på elkraft. Det er samstundes eit stort ønske at det skal etablerast ny grøn industri som gjev berekraftige arbeidsplassar. Å pressa fram betre energieffektivitet gjennom dette tillegget i direktivet gagnar regionen, og bidreg til at fylket kan møte vedtekne klimamål. Det gjev òg truleg større ringverknadar ved at kringliggande lokalitetar får tilgang på oppvarming utan at dette krev ekstra nettkapasitet. Det er i tråd med sirkulærøkonomi-prinsippet å støtta tillegget.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtaksmynde her.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket har ikkje noko å seie for økomien i fylkeskommunen, men har betydning for aktørane i fylket som påverkast av endringane i lova. Medrekna ringverknadar av tiltaket vil truleg tiltaket ha positive verknad på økomien i regionen.

Klima:

Vedtaket styrkar Vestland sitt arbeid med å møte klimamåla for fylket. Bruk av overskotsvarme tek bort eit varme-/kjølebehov. Dette er positivt for klima.

Folkehelse:

Ikkje relevant utover effekta eit betre klima har på folkehelse.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp under fleire av FN sine berekraftsmål og såleis òg planen for innovasjon og næring som no er på høyring. Vedtaket bidreg til å utviklinga mot eit framtidsretta Vestland.

Konklusjon

Vedtaket er i tråd med retningslinene til Vestland fylke då det pressar fram ei meir klimavenleg sirkulærøkonomisk utvikling og støttar opp under fleire av berekraftsmåla til FN. Høgare krav til energieffektivitet er òg spesielt viktig for Vestland, der manglande nettkapasitet skapar utfordring på stader det er aktuelt med nye store kraftuttak.